

## Sjekkliste – dispensasjon frå plan- og bygningslova, § 19

### Kva skal søknad om dispensasjon innehalde?

- Kven som er tiltakshavar og søker.
- Kva eideom søknaden gjeld.
- Skildring av tiltaket.

Tiltaket skal skildrast tydeleg, og teikningar/snitt skal klart vise plassering, mål og storleik på tiltaket. Informasjon om veg, vatn og avkørsle skal gå fram av søknaden og vedlegg. Dersom omsøkte område er utsett for ras, skal det ligge føre geologiske undersøkingar med tanke på sikkerhet.

  - Situasjonsplan
  - Teikningar og snitt (målsette)
  - Teknisk infrastruktur (vegtolkomst, vatn og avløp. Ev. dokumentasjon av rettar)
- Kva bestemmelse det vert søkt om dispensasjon frå (kommuneplan, reguleringsplan, Veglova).
- Om tiltaket er permanent eller mellombels.
- Grunngjeving for dispensasjon.

Søknaden skal vere grunngjeven. Ei rein skildring av tiltaket er ikkje tilstrekkeleg. Dispensasjon kan bli gitt når plan eller føresegner ikkje vert vesentleg sett til side, og i tillegg må fordelane ved tiltaket vere større enn ulempene.
- Fordeler og ulempar ved å gi dispensasjon.
  - Gjer greie for kva som er fordelane med dispensasjon.
  - Gjer greie for ulempene tiltaket medfører (t.d. ulempar for allmennheten, naboar).
- Oversiktskart over det aktuelle området, som klart viser kvar tiltaket ligg.

Kart finn du her: <https://www.kommunekart.com/>
- Fly- eller skråfoto.
- Bildedokumentasjon av noverande situasjon.
- Dokumentasjon på at tiltaket/dispensasjonen er nabovarsla. Kopi av nabovarsel.
- Kommentar til ev. merknader til nabovarsel.
- ROS-skjema.

<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/Sjekkliste/>

Aktuelle kjelder ved utfylling av ROS-skjema:

[www.gislink.no](http://www.gislink.no), [www.nve.no](http://www.nve.no)

<https://www.nve.no/flaum-og-skred/arealplanlegging/>

[www.ngu.no](http://www.ngu.no)

Dersom søknaden er godt dokumentert som skildra ovanfor, vil det medføre raskare saksgang for tiltakshavar. Det er også plikt å sørge for ein fullstendig søknad.